

Oppdrettar kan ikkje overlata rømmingsrisikabelt arbeid til andre, utan å sjølv ha folk til stades

Å vere tilstrekkeleg til stades med eige personell, er eitt av dei nye krava knytt til det å skulle gjennomføre aktivitetar med risiko for rømming. Kva som er tilstrekkeleg å stille med av eigne folk, er noko oppdrettar må vurdere for kvar enkelt aktivitet. Dette må sjåast i samanheng med risikoen for rømming og plikta han har til å drive gjenfangst. Personellet må vere nær nok og i stand til å straks kunne starte med gjenfangst etter rømt fisk.

I dag er det vanleg å gjennomføre fleire typar arbeidsoperasjonar på ein slik måte at oppdrettar sitt eige personell jobbar i lag med ein eller fleire eksterne aktørar, til dømes ved avlusingsoperasjonar, notskift og levering av slaktefisk. Det blir også gjennomført arbeidsoperasjonar og andre aktivitetar der oppdrettar ikkje nødvendigvis deltek eller er til stades med eige personell når arbeidet går føre seg. Døme på slike aktivitetar kan vere mottak av fiskefôr, fortøyingsarbeid, inspeksjon av nøter og spyling av nøter. Dersom den aktuelle aktiviteten kan føre med seg ein risiko for at fisk rømmer, er det no krav til at oppdrettar stiller med tilstrekkeleg mange av sitt eige personell (jamfør akvakulturdriftsforskrifta § 37a første ledd bokstav c). Krav om dokumentasjon følgjer av forskrift om IK-Akvakultur (§ 5 tredje ledd bokstav f, jf. § 5 femte ledd).

Andre krav kan påverke kor mange folk som trengst

Kva som er tilstrekkeleg å stille med av eige personell under dei enkelte aktivitetane, vil vere opp til oppdrettar å vurdere, jamfør også krava i akvakulturdriftsforskrifta § 37a første ledd bokstav a og b, kravet til risikovurdering (§ 37 andre ledd) og krav om internkontroll (§ 5 tredje ledd bokstav f). I tillegg har både oppdrettar og vare-/tenesteproducent plikter knytt til å oppdage og avgrense rømming (jamfør akvakulturdriftsforskrifta § 37 første ledd og § 7 fjerde og femte ledd) og krav til at tilstrekkeleg mange med kompetanse i rømmingssikring er til stades der aktivitet med risiko for rømming går føre seg (§ 6 første ledd).

Erfaringane viser at det er behov for eit slikt krav i regelverket

Ein tidlegare publikasjon i erfaringsbasen (frå tida før det aktuelle regelverket vart endra) viser kor gale det kan gå når ein vare-/tenesteproducent utfører arbeid med udiskutabel risiko for rømming, utan at oppdrettar er til stades¹ (sjå figur 1).

¹ [Avlusingsfartøy - losseslanger sank ned i merd \(fiskeridir.no\)](https://www.fiskeridir.no/Avlusingsfartoy-losseslanger-sank-ned-i-merd)



Figur 1. Biletet viser losseslangane til eit avlusingsfartøy. Det er montert silkasser i enden på slangane.
Foto: Selskapet.

I erfaringsarket er hendinga skildra slik: «Ved en feil har festeanordningen til slangene om bord blitt løsnet for tidlig, og slangene synker ned i merden. Hendingen førte til flere hull i noten selv om slangene aldri gikk gjennom bunnen av notposen. Oppdretter var ikke tilstede under hendingen og fartøyet hadde ikke fungerende prosedyrer for å håndtere rømming av fisk. Fartøyet hadde heller ikke utstyr eller rutiner for å kunne begrense omfanget av rømmingen.»

Klar samanheng med plikta til gjenfangst

Kravet om at oppdrettar har sine egne folk til stades, må sjåast i samanheng med risiko for rømming og plikta han har til å starte gjenfangst etter rømt fisk (jamfør akvakulturdriftsforskrifta § 39). Oppdrettar har òg krav til å ha ein beredskapsplan med oversikt over korleis dette gjenfangstfisket kan effektiviserast (jamfør akvakulturdriftsforskrifta § 7 fjerde ledd). Gjenfangstplikta gjer at oppdrettar må sørge for å samordne og legge til rette for samarbeidet med vare- og tenesteproducentar som gjennomfører aktivitetar i tilknytning til drifta. Når aktiviteten kan føre med seg ein risiko for at fisk rømmer, må oppdrettar blant anna sørge for å ha tilstrekkeleg mange av sitt eige personell til stades. Kva som er tilstrekkeleg, må oppdrettar vurdere for kvar enkelt aktivitet. Dette personellet må ha nødvendig fagleg kompetanse til å drive gjenfangstfiske og vere budde på å straks kunne starte gjenfangst etter rømt fisk.

Vurderingane vil kunne variere avhengig av rømmingsrisikoen

Denne føresegna (akvakulturdriftsforskrifta § 37a første ledd bokstav c) er likevel ikkje eit absolutt krav om å alltid ha eige personell på den staden der arbeid med rømmingsrisiko går føre seg. Kva som er «tilstrekkelig tilstedeværelse av eget personell²», er noko oppdrettar må vurdere for kvar

² Dette er ordlyden i akvakulturdriftsforskrifta § 37a første ledd bokstav c

enkelt aktivitet (jamfør også krava i akvakulturdriftsforskrifta § 37a første ledd bokstav a og b, § 37 andre ledd og krav om internkontroll). Innanfor rammene av regelverket kan det, ut frå dei gjeldande risikoforholda, vere rom for å vurdere at oppdrettar ikkje nødvendigvis er avhengig av å ha personellet fysisk på den staden der aktiviteten skjer, men nær nok og i stand til å straks kunne starte med gjenfangst etter rømt fisk. I slike tilfelle vil det vere særleg sentralt å sikre god kommunikasjon mellom oppdrettar og vare-/tenesteprodusent under aktiviteten (jamfør akvakulturdriftsforskrifta § 37a bokstav b).

Beredskapsplanen skal sikre eit effektivt gjenfangstfiske

Beredskapsplanane til både oppdrettar og vare-/tenesteprodusent skal innehalde oversikter over korleis rømming kan oppdagast og avgrensast i samband med dei aktuelle aktivitetane der det er risiko for at fisk rømmer (jamfør akvakulturdriftsforskrifta § 7 fjerde og femte ledd). I tillegg skal beredskapsplanen til oppdrettar gi oversikt over korleis han kan effektivisere gjenfangsten etter rømt fisk (jamfør akvakulturdriftsforskrifta § 7 fjerde ledd). Personellet må då nødvendigvis vere nær nok, og ha tilgjengeleg³ mange nok garn med rett maskevidde, til å kunne starte eit effektivt gjenfangstfiske.

Det er viktig at personellet som er i beredskap for å kunne starte med gjenfangst har fått god nok opplæring i korleis handtere ei rømmingshending og korleis drive fiske etter rømt oppdrettsfisk på ein effektiv måte ved den aktuelle lokaliteten (jamfør akvakulturdriftsforskrifta §§ 37, 7 og 6). I [Beredskapsveileder ved rømming av fisk \(fiskeridir.no\)](https://www.fiskeridir.no), som Fiskeridirektoratet har utarbeidd saman dei aktuelle næringsorganisasjonane, rår vi også til å gjennomføre årlege øvingar i korleis handtere situasjonar med rømming av fisk, inkludert å øve på praktiske ferdigheiter som å setje garn⁴.

³ «For å kunne iverksette umiddelbar gjenfangst må det vere tilstrekkelig med garn med rett maskevidde i forhold til fiskestørrelsen tilgjengelig på lokaliteten eller i umiddelbar nærhet til anlegget.» [Beredskapsveileder ved rømming av fisk \(fiskeridir.no\)](https://www.fiskeridir.no)

⁴ Veileder for beredskap ved rømming av fisk fra akvakulturanlegg, side 16-17